



Klima- og miljødepartementet

Dato: 06.12.2016
Vår ref.: 2016/34767-1
Saksbehandlar: einhuns
Dykkar ref.:

Administrativ fråsegn frå Hordaland fylkeskommune - Høyring: Norsk klimalov

Klima- og miljødepartementet føreslår å lovfeste at Noreg skal verte eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Vidare føreslår dei at regjeringa skal rapportere årleg til Stortinget om utviklinga i klimagassutsleppa. Høyringsfristen var 9. desember 2017.

For å følge opp Noreg sine internasjonale forpliktingar knytt til Paris-avtalen er tydelege mål og jamleg rapportering naudsynt. Ei klimalov kan bidra til det. Difor støttar Hordaland fylkeskommune innføringa av ei klimalov som etablerer ei tydeleg ramme for norsk klimapolitikk.

Fylkeskommunen har følgjande merknadar til lovforslaget:

- Samarbeidet mellom ulike offentlege nivå inklusive kommunar og fylkeskommunar bør nemnast under føremål og verkeområde ved sida av offentleg debatt om status, retning og framdrift i arbeidet.
- Målet om å vere eit lågutsleppssamfunn innan 2050 er uklart. Verbforslaget knytt til Statsbudsjettet for 2017 syner at fleirtalet i Stortinget vil definere dette nærare.
- Med omsyn til styrings- og rapporteringsmekanismer på lokalt og regionalt nivå:
 - Staten bør ta ansvar for publisering av årleg utsleppsstatistikk på kommunalt og fylkeskommunalt nivå.
 - Kommunar skal syne klimakonsekvensar til kommuneplanen.
- Offentlege mynder bør vurdere klimabudsjett som følgjer dei økonomiske budsjetta.
- Konsekvensutreiingar, miljøkonsekvensutreiingar og eksterne kvalitetssikringar bør i større grad omfatte omsynet til å avgrense klimagassutslepp, slik at offentlege mynder kan prioritere prosjekt i høve til eigne klimabudsjett (jf. side 17f i høyringsnotatet).
- Offentlege anskaffingar skal fremje klima- og miljøvenlege løysingar.

Vidare syner det å vere reknefeil i høyringsnotatet med omsyn til kostnadar knytt til lovforslaget.

Vi ber om at fylkeskommunane vert sette på departementet si liste over høyringsinstansar. Det er viktig for å kunne handsame eventuelle fråsegnar politisk.

Denne fråsegna vert sendt til orientering i relevante politiske utval i januar 2017.

Under følgjer saksutgreiinga.

Bakgrunn

Gjennom Klimaplan for Hordaland 2014 – 2030 har Fylkestinget i Hordaland vedteke mål om å redusere klimagassutsleppa frå fylket med 40 % mellom 1991 og 2030. Men utsleppa i 2013 var diverre 26,1 % høgare enn i 1991. Fylkeskommunen sjølv har direkte påverknad på over 3 % av desse CO2-utsleppa gjennom tenesteinnkjøp. Dessutan set fylkeskommunen premiss for forskning, utvikling og næringsutvikling i regionen.

Ei klimalov kan påverke kommunar og fylkeskommunar sitt høve til å bidra til måloppnåinga. Forslaget til klimalov seier ingenting om ansvaret til regionale og lokale mynder.

Høyringa

Forslaget til klimalov er utarbeidd av Klima- og miljødepartementet og lagt ut på høyring med frist for fråsegn 09.12.16. Fylkeskommunane står ikkje på departementet si liste over høyringsinstansar. Det har difor ikkje vore høve til å handsame høyringsutkastet politisk. Vi ber om at fylkeskommunane vert sette på departementet si liste over høyringsinstansar.

Føringar frå Statsbudsjettet 2017

Som bakgrunn for gjennomgangen av høyringsutkastet har Hordaland fylkeskommune registrert at det i verbalforslaget til Statsbudsjettet er semje i Stortingsfleirtalet (Høgre, Fremskrittspartiet, Kristeleg Folkeparti og Venstre) om følgjande:

18. Legge frem forslag til en klimalov der det skal settes et mål for lavutslippssamfunnet i 2050 om at klimagassutslippene i Norge skal reduseres i størrelsesorden 80-95 % fra 1990-nivå. Ved vurdering av måloppnåelse skal det tas hensyn til effekten av norsk deltakelse i det europeiske klimavotesystemet for virksomheter. Det skal lovfestes en femårsmekanisme som i Parisavtalen, som innebærer at regjeringen, for å fremme omstillingen til et lavutslippssamfunn, skal legge fram for Stortinget fornyede klimamål som delmål fram til 2050. Fra 2020 og med fem års intervaller, skal regjeringen gjøre opp status og legge fram nytt klimamål fortrinnsvis ti år fram i tid. Klimamål skal legge til grunn beste oppdaterte vitenskapelige kunnskap på fastsettelsestidspunktet, være tallfestede, målbare, rapporterbare og verifiserbare, innebære en progresjon fra forrige mål, og fremme gradvis omstilling fram mot 2050. Klimamål skal fastsettes konsistent med Norges bidrag under FNs Klimakonvensjon og eventuell felles gjennomføring med EU. Det skal også lovfestes at regjeringen i forbindelse med den årlige rapporteringen til Stortinget legger fram en rapport som viser status for Norges karbonbudsjett, også innenfor et eventuelt klimasamarbeid med EU om felles oppfyllelse av klimamål.

Gjennomgang av lovforslaget

Her følgjer våre kommentarar til dei einskilde avsnitta i høyringsutkastet:

«§ 1 Formål og virkeområde

Loven skal fremme gjennomføring av Norges klimamål som ledd i omstilling til et lavutslippssamfunn i Norge i 2050. Det legges til grunn at en ambisiøs politikk nasjonalt må være fornuftig i en global sammenheng.

Loven skal også fremme åpenhet og offentlig debatt om status, retning og framdrift i dette arbeidet. Loven omfatter de klimagasser og kilder til utslipp og opptak som omfattes av FNs Klimakonvensjon.»

Lova sitt fokus på omstilling gjer den relevant for næringsutvikling og regional utvikling. Dei ønska endringane skjer i lokalsamfunn. Dette er område der fylkeskommunar og kommunar med sine samfunnsutviklar- og planleggjarroller er viktige. Hordaland fylkeskommune trur at lova kan vere relevant for samarbeidet mellom ulike offentlege nivå. Dette bør nemnast under føremål og verkeområde ved sida av offentleg debatt om status, retning og framdrift i arbeidet.

«§ 2 Klimamål for 2030

Målet er minst 40 prosent utslippsreduksjon i 2030 sammenlignet med norske utslipp i 1990. Målet kan gjennomføres felles med EU.

§ 3 Klimamål for 2050

Målet er at Norge skal bli et lavutslippssamfunn i 2050.»

Stortinget har bedt regjeringa om å fastsetje eit utslippsmål for 2030 og 2050. I lovforslaget er målsettinga for 2050 definert som «lågutsleppssamfunn». Det er ikkje klart kva utslippsnivå dette utgjør. I verbalforslaget til Statsbudsjettet er dette teke opp. Hordaland fylkeskommune er positiv til klart definerte mål for klimaarbeidet – også på nasjonalt nivå.

«§ 4 Styrings- og rapporteringsmekanisme

Regjeringen skal hvert år legge fram for Stortinget

- en oversikt over utviklingen i klimagassutslippene, utslippsframskrivninger og redegjørelse for gjennomføring av klimamål fastsatt i denne lov,
- en rapportering på hvordan Norge forberedes på og tilpasses klimaendringene,
- en oversikt som synliggjør sektorvise utslippsbaner innenfor ikke-kvotepliktig sektor og hvilke typer tiltak som vil være nødvendig for å realisere disse, og,
- i budsjettproposisjonen for neste års statsbudsjett, en omtale av hvordan regjeringen har tenkt å nå klimamål fastsatt i denne lov, og klimaeffekten av fremlagt budsjett.»

For å fremje omstillingsarbeidet i kommunar og fylkeskommunar bør ein i lova òg peike på styrings- og rapporteringsmekanismar på lokalt og regionalt nivå. Hordaland fylkeskommune ber om at følgjande vert vurdert nærare:

- Staten bør ta ansvar for publisering av årleg utslippsstatistikk på kommunalt og fylkeskommunalt nivå.
- Kommunar skal syne klimakonsekvensar til kommuneplanen.

Ei omstilling til lågutsleppssamfunnet krev at stat og kommune dreg i same retning. Fylkeskommunen kan ikkje sjå at dette vert spegla i lovforslaget.

For alle offentlege mynde ønskjer vi at ein vurderer:

- Offentlege mynder bør vurdere klimabudsjett som følgjer dei økonomiske budsjetta.
- Konsekvensutreiingar, miljøkonsekvensutreiingar og eksterne kvalitetssikringar bør i større grad omfatte omsynet til å avgrense klimagassutslipp, slik at offentlege mynder kan prioritere prosjekt i høve til eigne klimabudsjett (jf. side 17f i høyringsnotatet).
- Offentlege anskaffingar skal fremje klima- og miljøvenlege løysingar.

Kostnadsvurderinga i høyringsnotatet

I vurderinga av kostnadar knytt til ei klimalov omfattar høyringsnotatet referansar til utrekningar frå SSB og IEA (side 47f):

«Det er ingen som i dag vet hva merkostnaden ved å kutte om lag 15 mill. tonn årlig i Norge vil være 15 til 35 år fram i tid. Det er imidlertid mulig å knytte en forbindelse mellom et anslag i området 1000-2500 kroner per tonn og forhold som er kjent per i dag. Basert på slike antagelser og ved en slik merkostnad vil det å kutte norske utslipp med 80 pst. i 2050 ha en kostnad på 15-35 mrd. kroner årlig for perioden 2030-50 på toppen av de 13 mrd. kronene årlig som ifølge SSBs anslag kreves for å nå togradersmålet.»

Premissen for dette reknestykket syner å vere at klimagassutslippa på nasjonalt nivå skal reduserast med 15. mill. tonn årleg med ein kostnad på 1650 – 3700 kr/tonn CO₂. Med omsyn til at klimagassutslippa i

Noreg utgjer kring 50 mill. tonn CO2-ekvivalentar må reduksjonstalet på 15 mill. tonn årleg vere feil. Det gjev eit anslag som truleg ligg åtte gangar høgare enn det skal.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Sundbø
klima- og naturressurssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.